




# Turstiar i Hjelmeland

www.hjelmeland.kommune.no



Parkering



Informasjonsskilt



Matsservering



Turisthytte



Attraksjon



Camping

## Kleivaland - Trodla-Tysdal

Garden Trodla-Tysdal ligg i enden av Øvre Tysdalsvatnet i Årdal. Garden hentar namnet sitt frå trolla, og er eit spennande turmål.

Trodla-Tysdal er Rogalands mest avsideliggjande gard i drift. Vill og dramatisk natur med 900 meter høge fjell omkransar garden.

Trodla-Tysdal har vore turiststasjon for Stavanger Turistforening sidan 1892. I dag er det campingfasilitetar og turisthytte med høve for overnatting i Trodla-Tysdal. Det er matsservering mot bestilling eit par dagar i forkant. Det er også råd å bestilla båtskyss over Øvre Tysdalsvatnet til Verven i Årdal.

Turen startar på Kleivaland i Vormedalen. Frå Hjelmeland sentrum følgjer ein fylkesvegen mot Vormedalen og Tøtlandsvik. Avkjørsel frå fylkesvegen ved Laugaland er skilta til Kleivaland.

Turen frå Kleivaland til Trodla-Tysdal går

mellom anna forbi to nedlagde gardsbruk, den vakre Øyafossen og Lensmannshidleren.

Stien frå Kleivaland til Trodla-Tysdal er merka. Turen tek om lag 2,5 timar kvar veg. Høgdeskilnad er ca. 350 m.



Øyafossen.  
(Foto: Anne Kari Skogerbø)



Øyafossen.  
(Foto: Svanhild Hjorteland Gbada)



Trodla-Tysdal.  
(Foto: Anne Kari Skogerbø)

Meir informasjon om turen og garden kan ein finna på [www.trodla-tysdal.no](http://www.trodla-tysdal.no).